

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	26.09.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/52564-6
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Berit Vik
<b>E-post</b>	Berit.Vik@vlfk.no
<b>Telefon</b>	41321036

## Til uttale - dispensasjon frå kommuneplan - gnr 185 bnr 35 - Etablering av ny bru - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv viser til tidlegare dialog og synfaring 20.05.22 på staden der omsøkte tiltak er tenkt utført. I brev datert 23.05.22 viste vi til at vi ville ha tilsendt nytt teikningsgrunnlag som viste tenkt løysing for bru, flaumsikring i og omkring elvekanal og parkering.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen sin arealdel er definert som LNF-SBE. Tiltaket ligg i omsynssone H570 bevaring for kulturmiljø og sone H710 som er bandleggingssone for regulering.

Måla med tiltaka er ifølgje følgjebrev til søknaden: «*Dersom det er naudsynt; å ta vare på mest mogeleg av evt. verneverdig kanal.*» Samt: «*Å sikre bustad, veg, eigedom og å la flaumvatn, vatn i terreng og overflatevatn få renne sikkert og mest mogeleg uhindra og primært i elveløpet mot Isdalvatnet for å hindre ulykker og skadar.*» Det blir vidare presisert: «*Hovudmål for flaumsikringa er å auke kapasiteten og sikre den moglege gjennomføringa av vatn. Foreløpig foreslått tiltak er tenkt utforma slik at det ikkje skader eksisterande tørrmura elvekanal, mogeleg med unntak av eksisterande gammalt bruløp der eksisterande steinhelle/ betongbru er tenkt fjerna. Vatnet er tenkt å skulle kunne strøyme fritt i gammalt eksisterande løp samt som overvatn på eksisterande terreng med auka fri høgde og auka breidde under ei ny bru.*»

Vi har forståing for at det er naudsynt med tiltak, då det har vore fleire flaumtilfelle i området. Tiltaket skal ikkje utførast i det mest karakteriske og særprega området innanfor kulturmiljøet på Isdal. Under synfaringa presiserte vi likevel at tiltaket må utførast så skånsamt som mogleg slik at det tørrmurte elveløpet bevarar mest mogleg av sin eksisterande karakter. Eksisterande bru i betong er vi mindre opptekne av. Vi påpeikte også at parkeringsplass/snuplass burde reduserast. Vi ser at parkeringsarealet er redusert i sør, og vil oppmode om at ein forsøker å redusere arealet også mot aust. Det kjem fram av følgjebrevet at vidare tekniske berekningar må gjerast. Vi er opptekne av at dei samla inngrepa og terrengendringane utførast så skånsamt som mogleg, mellom anna når det gjeld oppmuring av barrierar og tilføring av grove steinmassar.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)

**Berit Vik**  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

<b>Postadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>E-post</b>	<b>Heimeside</b>	<b>EHF-Fakturaadr.</b>	<b>Organisasjonsnr.</b>
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

